



## ÅRSMELDING 2016

### **Styret i meldingsåret:**

Leiar: Olav Steinar Namtvedt  
Nestleiar: Geir Olav Repål  
Kasserar: Britt Straume  
Skrivar: Jostein Borlaug  
Styremedlemmer: Torun Åsheim og Leif G. Taule  
Varamedlem: Adelheid Instebø  
Turngruppa: Jimmy Amundsen, Adelheid Instebø  
Banenemnda Sletta: Olav Steinar Namtvedt  
Banenemnda Sæbø: Radøy/Manger har driftsansvar i samsvar med avtale.  
Idrettsrådet: Olav Steinar Namtvedt og Geir Olav Repål  
Cato Plettens Minnefond: Vigdis Thomassen

### **Arbeidsåret 2016:**

Styret har hatt 7 styremøter.

Medlemstal: 180. Av desse om lag 140 aktive.

### **Aktuelle saker:**

- **Samfunnshuset ”Skogen”**
  - Samfunnshuset arbeider med utviding av huset; m.a. betre plass for idrettsutstyr. Grunnmur støypt og arbeidet med oppsetting av råbygg er igong. Innvendig arbeid skal gjerast på dugnad.
  - Vask av salen blir ordna av laget. Vask i garderobane med innleid hjelp.
- **Baner Sletta/Sæbø**
  - Bana på Sletta i god stand; -vert slått min 2-3 gonger i veka i sesongen. Stor takk til Bjørn Terje Thomassen. Noko sand er tilført, men her må gjerast ein innsats til våren. Ein del rydding kring anlegget gjort, men her er enno ein del som må prioriterast. Vatningsanlegg ikkje i bruk grunna lite tørke.
  - Bedet er vedlikehalde av Radøy Arbeidssenter.
  - Ny salsbu på plass (Radøy/Manger). Den gamle må enten fjernast eller ordnast.
  - Garasje ved inngangsporten på nedsida av bana er tinga (ferdiggarasje), men enno ikkje på plass. Skøyte på aktuell parsell må ordnast. Opprydding på nedsida av bana etter utvidinga i 2000 var nødvendig og er no gjennomført; må såast til våren
  - R/M har driftsansvar for bana i Austmarka og bana er mykje nytta.
  - Tippemidlar innvilga med kr.1.852.000,- er mottatt.
  - Moms-kompensasjon vart innvilga med kr. 1.021.260,-. Desse midlane vart overført Radøy kommune, då dei hadde forskotert moms-kompensasjonen. Udekka krav frå Radøy kommune på kr. 261.852,- vart delvis sletta. Måtte betala kr 78.801,-, som var overskotet på prosjektet.
  - Ved rullering av anleggsplan for idrett og friluftsliv ligg RIL inne med fylgjande anlegg: Garderobebygg i Austmarka.

- **Turn**
  - Største aktivitet i laget, med tilbod på Sletta og i hallen på skulen på Sæbø.
  - Avtale med Radøy kommune om bruk av utstyr på Sæbø er enno ikkje på plass
  - Turngruppa arrangerte sommaroppvising på Sletta 2.juni og juleoppvisning i Radøyhallen 24.november, både med stor deltaking og mange på tribunen.  
Gruppa gjer ein stor innsats og har høg aktivitet.
  - Ansvar for gjennomføring av basar på Sæbø 6.november; - omlag kr 60.000,- i inntekt.
  - Hovudstyret syner elles til turngruppa si årsmelding.
- **Andre aktivitetar**
  - Ei treningsgruppe trenar fotball i huset/på bana(Sletta) i vinter-/sommarhalvåret
- **Økonomi**
  - Rekneskapen syner eit overskot på kr.178.122,-, så økonomien er tilfredsstillande.
- **Anna**
  - Heimesida, [www.radoyidrettslag.org](http://www.radoyidrettslag.org), med Jostein Borlaug som redaktør, saknar fleire innlegg og bilete. Alle vert oppmoda om å senda inn aktuelle meldingar/aktuelt stoff. Facebook-side oppretta
  - Medlemsadministrasjon med nytt system har vore eit omfattande arbeid. Stor takk til Torun. Kontingentar for 2016 er ikkje sendt ut. Vert no ein del av det nye systemet. Eige system for vaksne/støttemedlemmer må opprettast snarast i 2017. Mykje arbeid for å få det på plass, men vil letta framtidig arbeid med registrering.
  - Radøy kommune og Hordaland idrettskrets sender med jamne mellomrom ut informasjonsskriv med ymse aktuelt stoff. Positivt.
  - Nye retningslinjer for tildeling av kulturmiddlar i Radøy godkjente; bra
  - Bingo i Knarvik. RIL har signert ny avtale med Sentrum Bingo AS for 2017, og me ber interesserte om å støtta tiltaket. Bra inntening for laget.
  - Idrettsrådet arbeider aktivt og har god kommunikasjon med kommunen.
  - Året vart avslutta med ei hyggeleg samling på Radøystova for styre, trenarar, leiarar og banenemnd.
  - Styret etterlyser nye aktivitetar. Me er avhengig av at nokon tar leiaransvar, og vonar me kan få nye aktivitetar i gang i 2017.

Styret vil takka alle som har tatt del i idrettslaget sitt arbeid i 2016. Stor innsats frå frivillige og interesserte er avgjerande for vidare aktivitet i laget.

Sletta i februar 2016

Olav Steinar Namtvedt  
Leiar

Geir Olav Repål  
nestleiar

Jostein Borlaug  
skrivar

Britt Straume  
kasserar

Torun Åsheim - styremedlem

Leif G Taule - styremedlem